

MÅNADSREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

August 2025. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk addresa over. Breva kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Hovudtema for dette nummeret er den siste FAO-rapporten om verdas mattilgang. I tillegg er det stoff om den raserte frøbanken i Hebron, Palestina, om Bovaer og om matberedskap/fri handel. Har du som les, stoff du ønskjer med i bladet, så gi oss melding.

SOFI 2025


MODERAT BETRING I MATTILGANGEN

I juli la FAO fram årsrapporten *The State of Food Security and Nutrition in the World 2025*. FAO publiserer slike rapportar kvart år, med gjennomgang av mattilgangen i ulike land og alle verdsdelar. Data-grunnlaget er innsamla frå styresmaktene i landa og naturleg nok av ulik kvalitet, og mattgang og svolt er vanskeleg å måle. Men rapportane er det beste materialet me har om endringar i mattgang og svolt rundt om i verda.

Materialet vise ein viss betring. 8,2 prosent av verdas innbyggjarar, ein av tolv alt-så, levde under sveltegrensa delar av eller heile året 2024. I 2023 var prosenten 8,5 og i 2022 8,7. I tal utgjer dei mellom 638 og 720 millionar menneske av eit samla innbyggjartal på nesten 8,2 milliardar dette året.

Det har vore vesentleg framgang i Sør aust- og Sør-Asia og like eins i Sør-Amerika. I Afrika og Vest-Asia har matmangelen vorte større. Tala i fjar var om lag 307 millionar menneske svoltramma i Afrika, 323 i Asia og 35 i Latin-Amerika og Karibia.

FAO oppgir også tal for alvorleg og moderat matutryggleik. Også dette har gått nedover frå 2021 om me ser på heile kloden. Situasjonen i verdsdelane er den same som for alvorleg svolt, matutryggleiken aukar i Afrika og går noko ned i Latin-Amerika og Karibia og meir ned i det meste av Asia. Dei siste åra har matutryggleiken auka i



Nord-Amerika og Europa, men 2024-tala tyder på at dette stabiliserte seg i fjar. I nesten alle regionar rammar matutryggleik landsbygder meir enn urbane område og kvinner meir enn menn.

Nokkelindikatorane for underernæring av barn viser også ein moderat nedgang frå tidlegare år. Det gjeld amming, veksthemming og overvekt. Unntaket er igjen Afrika. Men omfanget av anemi (blodmangel) hos kvinner i fødedyktig alder er stabilt høgt i nesten alle


regionar, og overvekt hos vaksne aukar.

Ein ny ernæringsindikator FAO har teke i bruk, er kosthaldsmangfald. Dei undersøkjer om spedbarn og modrer til spedbarna får eit tilstrekkeleg variert kosthald. Berre tredelen av barn mellom 6 og 23 månader og to tredelar av kvinner mellom 5 og 49 år når minimumet. Omfattande tiltak trengst i mange land for å styrke mangfaldet i kosthaldet for desse gruppene, skriv FAO.

Høgare matprisar

Matprisane steig i dei fleste land. Eit normalt sunt kosthald kosta i 2024 4,46 PPP-dollar (kjøpekraftkorrigerte dollar) per person, mot 4,01 PPP-dollar i 2022. Men for kloden som heilskap var det ei viss økonomisk betring, og det ført til at talet på menneske som ikkje hadde råd til sunt kosthald, gjekk noko ned, til 2,6 milliardar. Av desse held over 1 milliard til i afrikanske land.

Auken i matprisane er globalt vesentleg større enn prisstigninga elles. Tre hendingar, Covid19-pandemien, krigen i Ukraina og noko vekst i naturkatastrofar, har ført til store prissvingingar på mat, både i fattige og rike land. For tida framfor oss kan veksten i matprisar føre til dramatisk nedgang i låginntektsland. I somme land har prisveksten vore på opptil 30 %. Det undergrev kjøpekrafta i hushalda og hindrar matutryggleik og god ernæring, særleg for barn. Det er også



slik at prisane aukar mest på næringsrike matvarer som frukt og grønsaker, medan bearbeidd og usunn mat har ein lågare kaloripris og fortengjer den sunne maten.

Sterkare tiltak må til

Om det har vore ein moderat framgang i mattrysteiken i åra etter covid 19, er me uendeleg langt unna det globale berrekraftmålet om å utrydde svolten i verda innan 2030. FAO meiner veka må leggjast på tiltak av fem slag:

1. Nøye utforma finanspolitiske tiltak for å hjelpe sårbarer grupper.

Døme er mellombels skatte- og avgiftslette på basisvarer, særleg i periodar med pristoppar for mat. Slike tiltak må følgjast nøy opp for å sikre at dei når fram til dei som treng dei mest.

2. Bruke finans- og pengepolitikken for å stabilisere matmarknadene. Dette omfattar også tiltak for å fremje mattrysteiken, god ernæring og helse.
3. Leggje vekt på tiltak som gir varig effekt. Det inneber til dømes å styrke matreservane og inngå langsiktige handelsavtalar for mat med vekt på prisstabilitet.

4. Utarbeide robuste informasjons-system for landbruksmarknaden. Slike, transparente system gjer det lettare å handtere prissvingingar og hindre spekulasjon og er til hjelp for småbønder og forbrukarar.

5. Investere i robuste system for landbruksmat, med vekt ikkje berre på produksjon og sal, men på stabilitet, transport, lagring og distribusjon av matvarene.

Dette inneber at FAOs tilråding er å leggje meir vekt på nasjonale og regionale styringstiltak framfor fri handel når det gjeld mat.

FRØBANKEN I HEBRON JAMNA MED JORDA

«Tidlig om morgonen 31. juli gjennomførte israelske styrkar ein razzia mot frøbanken i Hebron. Med bulldosarar og anna tungt maskineri vart lagerbygninga og infrastruktur for frøproduksjon og lagring av lokale frø øydelagd – utan varsel føreåt. Dette er eit direkte og systematisk åtak på palestinsk matsuverenitet, biologisk mangfold og retten til å dyrke eiga jord.»

Det er den palestinske småbrukarorganisasjonen Union of Agricultural Work Committees (UAWC), Forbundet av landbruksarbeidarkomitear, som fortel om dette i ei pressemelding. UAWC er, liksom Norsk bonde- og

småbrukarlag, medlem i den globale landbruksorganisasjonen La Via Campesina.

Våren 2018 var eg som skriv, på besök i Palestina som representant for Norsk bonde- og småbrukarlag. Norsk Folkehjelp organiserte turen. Me

hadde møte med vår systerorganisasjon i Palestina, , og me hadde samtalar



FOTO FRÅ LA VIA CAMPESINAS HEIMESIDER



med mange bønder og landbruksfamilier. Me besøkte også frøbanken i Hebron. Der intervjuja eg ei av dei tilsette, Doá Zayed, og skrev om det i Bonde og Småbruker. Ho sa blant anna:

I landbruket skjer det så ofte at bønder sluttar å dyrke eit planteslag fordi det ikkje lønner seg. Den økonomiske marknaden handlar om å maksimere avlingane med å dyrke dei mest «produktive» artane. Men landbruk må også

handle om dei plantene og dyra som har vorte avla fram gjennom ti tusen år med avlsseleksjon. Heile denne biodiversiteten er vårt ansvar, og med dei naturendringane me står overfor, må me sikre alt for framtida.

Ikkje minst gjeld det å ta vare på planter som har djupe røter og såleis evnar å hente vatn langt nedanfrå i jorda. Det handlar om frukt, grønsaker, korn og gras. Ofte viser dei lokale plantearvariantane seg best i stand til å tolle tørke og varme. Dei gir avling i krisår, medan kjøpefrøet utanfrå ikkje spirer eller ikkje gir vekst.

Avtala med bøndene er at dei må dele avlinga i tre. Ein del skal vere mat og salsvare i året som kjem, den andre delen såfro til neste sesong, og den tredje delen bør dei levere i frøbanken til nytte for andre bønder. Slik når me fleire og fleire bønder og bidreg til at dei får inntekter og kan skape mattryggleik for samfunnet. Dei får gratis fro her på det vilkåret at dei lovær å levere tilsvaranande frømengder attende når avlinga er hausta.

Dei som arbeider i frøbanken, har kunnskapar om plantedyrking, me har avansert reinse- og separasjonsutstyr

og fryselager med ulike temperaturar. I laboratoria testar me spirevna, vekstevna og reinheita til frøgruppene. Me har også eigne jordbruksareal for å teste ut og arbeide for å forbetre plantesлага. I tillegg til vår eigen stab har mange universitetsdanna agronomar praksisperiodar her.

Frøbanken vart til i 2008-2010 med støtte frå EU og spesielt frå Belgia. I år etterpå fekk banken også motteke driftshjelp frå fleire land og organisasjonar, blant dei Norsk Folkehjelp.

LA OSS MINNES GERARD CHOPLIN

Den 17. juni 25 mistet vi en god venn og viktig forkjemper for matsuverenitet og agroøkologi.

Gerard Choplín var en sentral person i ECVC i mange år. Gerard var agronom og ble allerede i 1982 en sentral person CNSTP (i en av de to organisasjonene i Frankrike som etter hvert etablerte Confederation Paysanne i Frankrike).

Han fikk en ledende rolle i European Peasant Coordination (CPE) i 1986 og var koordinatoren i Brussel fra 1988 til 2008. I 2008 gikk CPE inn i ECVC (European Coordination Via Campesina). Gerard fortsatte i ECVC og ledet kontoret i Brussel 2013 da han pensjonerte seg. Som pensjonist arbeidet han videre som en free lance analytikker og skribent spesielt innenfor feltet som agroøkologi, handel og matpolitikk. Han gav ut en bok i 2017 om bakgrunnen for CPE som er viktig for å forstå det arbeidet som dreier seg om småbønders rettigheter i Europa. Helt til det siste var han aktivt med i arrangementer.

Mitt første møte med Gerard var i Paris i 2013. Han ble en mentor for meg for å forstå sammenhenger mellom globale utfordringer som sult og fattigdom og nasjonal politikk som ramme for at hver bonde skal få gode vilkår for å produsere mat på en bærekraftig måte til det beste for både seg selv, sin økonomi, naturen og verden for øvrig.

Gerard Choplín har satt spor etter seg, og vi som har møtt han, vil alltid minnes han. Fred over minnet etter Gerard Choplín.

Angvik 23. juni 25
Stein Brubæk
Leder i IU / NBS

ECVC-KOMITEEN:

BOVAER OG EU – TEKNOLOGI UTEN DEMOKRATI

Fôrtilsetningen Bovaer rulles nå ut i stadig flere europeiske land og markedsføres som et gjennombrudd i klimateknologi. Danmark har gjort bruken obligatorisk, og EU har hastet godkjennelsen gjennom. Men dette handler ikke om bærekraft – det handler om makt, og om hvem som kontrollerer matsystemene våre.

Bovaer er ikke utviklet av bønder, men av globale kjemikaliegiganter. Det er et patentert produkt, laget for å binde bønder til markeder, karbonsertifisering og teknologisk kontroll. Nå integreres det i EUs klimapolitikk – og brukes som alibi for å bevare en industriell landbruksmodell som både skader naturen og svekker matsuvereniteten.

Her blir EUs rolle tydelig: Det er ikke vi som bestemmer retninga for framtidens mat og klima. Våre nasjonale parlamente har ikke styringen. Makten ligger hos EU-kommisjonen – et ikke-valgt organ med enerett på å fremme lovforslag. Europaparlamentet kan ikke engang ta initiativ til ny lovgivning. Likevel er det disse institusjonene som i økende grad dikterer hvordan maten vår skal produseres.

Hva slags “grønt skifte” tvinger bønder inn i avhengighet av patenterte fôrtilsetninger, under overvåkning fra digitale rapporteringssystemer – samtidig som de fratas retten til å velge egne løsninger? Er dette klimatiltak – eller grønn tvang?

En reell omstilling må vokse nedenfra – med respekt for jorda, kunniskapen og menneskene som produserer maten vår. Vi trenger ikke Bovaer. Vi trenger et landbruk basert på agroøkologi, lokal kontroll og demokratiske prinsipper. Og for å gjøre det mulig, må vi tørre å stille spørsmålet: Kan et rettferdig og bærekraftig matsystem i det hele tatt eksistere under EUs styre?

Jens Erik Furulund

BEREDSKAP OG HANDEL

Frihandelstenkinga er i ferd med å række. USA med Trump i tet går ein annan veg enn andre land og ein annan veg enn dei har gjort dei siste tiåra. Dei ignorerer eller trekker seg ut av organisasjonar og avtalar dei tidlegare har vore sentrale aktørar i, ut av Verdas helseorganisasjon WHO, ut av Parisavtalen om klima og ut av Verdas handelsorganisasjon WTO. Det gjer at me truleg er me på full fart inn i eit nytt, globalt handelsregime og inn i store handelskonfliktar.

BASISVARER

Det hjelper lite med eit stort og dyrt militærapparat i eit land eller ein større region dersom folk ikkje har tilgang på nødvendige varer. Naturoydeleggingsar og krigshandlingar gjer at mange land er i ferd med å innsjå at fri vareflyt over landegrenser rett nok kan gi billig mat og billige industrivarer, men også at tilgangen kan uteblia. Land som baserer seg einsidig på dette, lever i større usikkerheit enn andre. Det gjeld til dømes Norge med vår opne økonomi og store vareimport.

Om me tek risikoene for mangel på nødvendige varer på alvor, ser me også behovet for eit skilje mellom basisvarer og andre varer. Basisvarer er nødvendige og næringsrike matvarer, medisinar, verktøy og andre industrivarer som må til for å oppretthalde liv og samfunnssfunksjonar i tyngre tider. Beredskap for mat og andre basisvarer kan berre oppnåast dersom varene blir produserte og lagra slik at dei er tilgjengelege, og det må mest råd skje innanfor nasjonen og innanfor den mindre regionen. Det gjennomførte frihandelsprinsippet står såleis i vegen for god beredskap, og gjer det vanskeleg og stundom uråd å oppretthalde nasjonal suverenitet.

STYRINGSMETODAR

Globalt kan risikoene for mangel på mat og andre varer reduserast med anten å oppheve frihandelstenkinga for alle varer eller å innføre unntak for basisvarer. Det førstnemnde inneber så omfattande endringar i verdas noverande vareflyt at det synest lite realistisk. Difor er det å trekke basisvarer vekk frå frihandelstenkinga vegen å gå. Altåt at alle land får rett til å produsere sine eigne basisvarer utan innblanding frå andre.

I så fall må landa også ha rett til å bruke dei styringsverktøyta som må til for å nå målet om eigenforsyning, støtteordningar, toll, importforbod eller avgiftsfritak. Det inneber til dømes at Norge med meir arbeidskrevjande naturforhold enn land flest må ha rett til

suverent å avgjere korleis dei vil fremje eigen korn- og mjølkeproduksjon, og at nedbørfattige land må ha rett til å bygge ut vatningssystem også om støtteordningar kan bli oppfatta som konkurranserivande.

Det inneber også at land på eiga hand må kunne avgjere i kor stor varer skal produserast og lagrast lokalt og ikkje berre innanfor nasjonen, for eksempel for vår del å leggje til grunn at også landsdelar og mindre regionar skal kunne vere sjølvforsynte med basismatvarer av mange slag. Dette fordi ein naturkatastrofe eller ein krig kan ramme delar av eit land og avskjere desse delane frå resten av landet. Og det inneber at land uavhengig av fri flyt-ordningar må kunne inngå gjensidige forsyningsavtalar for basisvarer, for eksempel finsk og svensk korn mot norsk fisk.

EI VERD MED MATMAN-GEL

Ein grunnidé bak frihandelstenkinga har vore at produksjonen skal flyte dit forholda i verda ligg best til rette. Om det fungerer etter intensjonen, blir det minst arbeidskrevjande, og varene blir billigast for alle. Storindustri i England, kveite i Frankrike, vin i Portugal, hardved og krydder i Malaysia. Landbruket i nordiske land vart eit stykke på veg lagt om i slik retning i tiåra rundt 1900. Ost og smør vart eksportert til England og Beneluxlanda, og nordiske land erstatta noko av eigen korn- og kjøtproduksjon med billig kveite og flesk frå USA og Mellom-Europa. Då første verdskrig kom med utskriving av soldatar, øydelagde åkrar og handelsblokkader, nådde massesvollen også Norden. Hungerstreikane og hungermarsjane kom i stort tal.

I ei verd med over 8 milliardar innbyggjarar og mangel på vekstjord oppstår svoltproblema lettare no enn då, og ideen om fri flyt framstår som utdatert tenking og tenking som står i motstrid til aksepten for nasjonalt militærvarsar. New Zealand til dømes har verdas gunstigaste forhold for sauehald. Beitemarka er romsleg, og sauene kan gå ute heile året i mykje av landet. Dei kan produsere kjøtet utan støtte og til prisar me ikkje kan konkurrere med. Men skal verdas innbyggjarar få nok kjøt, må dei fleste land drive sauehald, også land med därlegare beiteforhold og vinstrar med inneföring. Slike land treng støtteordningar for at det skal skje. Utgangspunktet for sauehaldet og annan matproduksjon må vere naturen som heilskap og forståing for at forholde varierer land og område imellom. Busetnad i bygder og trygg mattilgang

der må til for at til dømes fisken i nordlege hav skal haustast på økologisk forsvarleg vis.

Land behøver også tryggleik for at nødvendige varer som av ulike grunner blir produserte på stader, kan bli tilgjengelege for alle. Eit historisk døme er Covid 19-vaksinar. Somme fekk og andre fekk ikkje, avhengig av økonomi og kontaktar. Norge var av dei landa som sneik i køen. Verdssamfunnet bør vedta ordningar som så langt råd sikrar at knappe og nødvendige varer blir fordelte etter behov.

STABILE RAMMER

Ei anna side ved det globale handelsregimet no er dumping av matvarer. Det kan høyast ut som ei tenleg løysing med di produsentar blir kvitt overskot og forbrukarar får billig mat, men i neste omgang oppstår mangel, og både forbrukarar og produsentar blir ramma. Enkle industriproduksjon kan ofte skruast av og på, men matproduksjon krev års planlegging, opplæring og stabilitet. Ein metode for å sikre stabil mattilgang er difor at globalsamfunnet legg til grunn garanterte og langsiktige minsteprisar for basisvarer.

Alt dette er komplekse spørsmål og krev mange avvegninger. Men noko av problema kan førast tilbake til at i frihandelstenking, som i WTO, blir alle varer i prinsippet behandla likt og med marknaden og difor pengetilgangen som einaste styringsverktøy. Det rammar nasjonal og lokal matberedskap, og det kan lett fremje handelskrigar av det slaget USA no har utløyst.

OR

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2025

Leiar Stein Brubæk, e-post
stein359@gmail.com

Jens Erik Furulund, e-post jens-rik.furulund@gmail.com

Heidi Hogset e-post Heidi.Hog-set@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Olav Randen, e-post boksmia@online.no